

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Fjell

Emne: Vasskaring

Bygdelag: Bogane

Oppskr. av: Hans Olsen

Gard: Nordvik

(adresse): Nessjåen

G.nr. 4

Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja, vassel og 2 bytter har
 har vore brukte så langt attende
 i tida som eg minnest.

Her i bygda brukar me namnet
 Vass-sel. (Vassel'n)

Og typen er den som kviler på
 toggje akklar, med uthola
 opning for halsen midt på
 vass-selen. Noko annan type
 har ikkje vore i bruk her.

For kring 20 år sidan brukar me tau
 og trebrokar. No er det jamt over
jarnbrokar og helst jarnlakkje.

Trebytter til å bera vatn
 i til kjøken og uthus er det
 blitt med for omlag ein mans-
 alder sidan, som regel då.
 Men her nyttast mykje
 trebytter (veabøtte) enno
 i fjåsen (flåren) og smalehus
 vinters-dag, som teyr og sauer
 drikke os.

2. Det har ikkje vore brukte
 her.

- 2
3. Har heller ikkje vore brukt her.
4. Til det må eg svare, at det var nok helst kona og borna og tenestgjenta (der dei hadde slik hjelp) som bar det meste av vatnet til tuns.
No er det mannen (mannfolket) som har den jobben.
5. Ja, her bærer vatn på dei fleste gardar her i bygda.
6. Siste vinter, under den langvarige frost-perioden, måtte me kjøpe vatn heim på slede.
Det har ikkje hendt før i mi tid.
7. Her er på gardar som har springvatn i fjøs og kjøkken. Det må barast.
Men eg vil ha sagt til slutt, at her er ein brunn på dette området, so at innan 10 år vil nok dei fleste ha innlagt springvatn i fjøs og kjøkken, eller vassledning med pumpe.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5 Fylke: Hordaland
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Fjell
 Emne: Vassbøring Bygdelag: Bogane
 Oppskr. av: Hans Olsen Gard: Nordvik
 (adresse): Nessjøen G.nr. 4 Br.nr. 4

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. **Eiga røynsle.**
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja, vassel og 2 bytter har har vore brukt so langt attende i tida som eg minnest. Her i bygda brukar me namnet Vass-sel. (Vassel'n)

Og typen er den som kviler på beggje akslar, med ut-hola opning for halsen midt på vass-selen. Noko annan type har ikkje vore i bruk her. For kring 20 år sidan bruka me tau og trekrokar. No er det jamt over jarnkrokar og helst jarnlökkje. Trebytter til å bera vatn i til kjøken og uthus er det slutt med for omlag ein mansalder sidan, som regel då. Men her nyttast mykje trebytter (veabøtte) enno i fjøsen (floren) og smalehus vinters-dag, som kyr og sauer drikke or.

2. Det har ikkje vore brukt her.

3. Har heller ikkje vore brukt her.

4. Til det må eg svara, at det var nok helst kona og borna og tenestgjenta (der dei hadde slik hjelp) som bar det meste av vatnet til tuns. No er det mannen (mannfolka) som har den jobben.

5 Ja, her bæres vatn på dei fleste gardar her i bygda.

6 Siste vinter, under den langvarige frost-periode, måtte me kjøyra vatn heim på slede. Det har ikkje hendt før i mi tid.

7 Her er få gardar som har spring-vatn i fjøs og kjøken. Det må bærast. Men eg vil ha sagt til slutt, at her er ein snūnad på dette omkverve, so at innan 10 år vil nok dei fleste ha innlagt springvatn i fjøs og kjøkken, eller vassledning med pompe.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

574

BYGDØY

Avskriftrettet:
L. Aall.